



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 19/2023

Møtedato: 01.09.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Småviltjakt 2023, jaktregler etter taksering

Fjellstyret har sidan 2009 basert småviltforvaltning på kunnskap som taksering av lirypebestand har gjeve oss før jakt. Det er nytta Hønsefuglportalen(<http://honsfugl.nina.no/>), som er ein webportal for registrering og handtering av data frå taksering av ryper og skogsfugl. Taksering av lirypebestanden etter Distance Sampling metode vart gjennomført i perioden 1. til 19. august. Det vart taksert 82,1, km fordelt på 29 ulike linjer i Vestre Slidre statsallmenning. Takseringsresultatet vil vere avgjerande for om det vert opna for jakt på rype i 2023. Produksjonen må vere over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha eit jaktbart overskott. En må og vurdera talet på ryper som er observert per km². (Se sak 10/2015 småviltjakt-prinsipp om forvaltning.) Det vart i 2023 gjort 29 observasjonar og totalt ble det sett 69 ryper. Kyllingproduksjonen er rekna til 1,1 kylling per høne og tettleik av vaksen fugl er rekna til 3,1 med variasjonsmål (1,8 – 3,1) som representerer øvre og nedre konfidensintervall (95%). Total tettleik er rekna til 4,8 ryper pr km².

År	Ant linjer	Ant meter	Ant obs	Ant ryper	tetthet/ voksenfugl	Ryper/ km ²	Kylling/ høne	Beregna Uttak (15%)	Felt rype
2009	22	68 650	31	96	3,1	7	1,8	180	250
2010	19	64 265	18	81	4,5	8	3,6	210	215
2011	23	74 663	26	92	3,5	5	1,9	130	36
2012	22	71 755	21	56	2,6	3	2,5	Stengt	0
2013	22	76 886	18	95	5,2	6	4,4	Stengt	0
2014	21	68 950	32	165	5,1	14	5,7	370	79
2015	26	92 400	36	115	3,2	4,5	1,9	Stengt	0
2016	26	90 800	54	306	5,6	19,1	3,9	500	151
2017	26	93 100	85	386	8,7	23,6	3,3	620	442
2018	24	87 500	91	502	7,3	23	4,2	805 (20%)	626
2019	24	82 700	64	255	4,1	10	2,7	260	269
2020	26	75 300	50	235	6,4	15,8	3,4	415	389
2021	29	81 500	62	200	7,8	15,8	2	220 (8%)	80
2022	29	80 400	48	210	5,4	13,5	3,1	355	248
2023	29	82 100	29	69	3,1	4,8	1,1		

Vurdering av bestanden og utrekning av jaktuttak:

Vestre Slidre statsallmenning har hatt nokre greie år nå i seinare tid, men ikkje noko toppår sidan 2017.

Årets taksering syner at det er særslig lite kjuklingar – ei overlevingsrate på 1,1 kjukling pr høne er særslig lite. I tillegg er tettleiken på voksenfugl ikkje stor. Oppsummert gjev dette store utfordringar i forhold til vanleg jakt.

Leveområdet til lirypa i statsallmenninga utgjer ca 175km² og bestanden er da teoretisk rekna til ca 840 ryper. Vanlegvis rekner man det høstabare overskottet som 15 % av rypebestanden, og med det som utgangspunkt gjev dette eit teoretisk uttak på **126 ryper**.

Jakt eller fredning?

Ein viser til utdrag av dei prinsipp som er nedfelt gjennom sak 10/2015:

- *Produksjonen må være over 2,5 kylling per høne for at vi skal ha et jaktbart overskudd.*
- *Det er ikke vist at det gir noen forskjell neste høst om man freder eller har en forsiktig jakt (under 15%) – dette pga utvandring mellom populasjoner.*
- *Ved bestander på for eksempel 5 ryper per km² blir 15 % uttak mindre enn 1 rype per km². Her nærmer vi oss en følelsesmessig grense, og det er lite tilfredsstillende for jegeren å felle ryper som burde fått leve til neste vår!*

Det vises og til kunnskap om omkringliggende områder:

Øystre Slidre statsallmenning: Totalt tettleik: 4,7 ryper pr km²
Gausdal statsallmenning Total tettleik: 3,4 ryper pr km²

Kjuklingproduksjon: 1,5
Kjuklingproduksjon: 0,8

Både Øystre Slidre fjellstyre og Gausdal fjellstyre legg opp til fredning av rypa.

Oppsummert:

Med tanke på dei styringssignal som kjem fram i sak 10/2015, er det ikkje rom for vanleg jakt nå i 2023 med såpass lite vaksenfugl samt lav kjuklingproduksjon.

Med det som utgangspunkt tilrår ein å stenge rypejakta i 2023. Dette gjeld både innan og utanbygdsbuande.

Jakt på orrfugl:

Det vert ikkje gjennomført teljingar på orrfuglbestanden. Likevel viser dei observasjonar som er gjort under rypetaksering at det er ein del orrfugl i terrenget. Orrfugljakt er og såpass krevjande at det er vanskeleg å ta for store uttak, sjølv i år med mindre fugl. Ein tilrår difor at denne fortsetjer som før, men gjerne med noko reduserte kvoter slik at ein nyttar føre var prinsippet.

Administrasjonen føreslår følgjande kvote: totalt 5 orrfugl i 5-dagers perioden i september, samt ytterlegare 5 orrfugl pr jeger for resten av sesongen.

Refusjon for dei som allereie har betalt jaktkort:

Dersom det vert fredning av rypa, er det lagt opp til 75% refusjon som det er orientert om ved søknad.

Det kan og vere andre alternativ til refusjon, og ein legg difor frem følgjande 4 forslag til alternativ:

1. Overføres til treningskort for rype for 5 dagar a' kr 160: totalt kr 800,- Refusjon utgjer: 847,50,- (75% av 5 dagars kort – dette avrundes grunna saksbehandlingsomkostninga)
2. Overføring til orrfuglkort – 5 dagar i tildelt periode (berre jakt i orrfuglområda)
3. Tildelt trekning overføres til neste år (evt refusjon neste år om fortsatt fredning)
4. Refusjon av 75% av innbetalt beløp.

Det kan vere greitt å gje desse alternative til jegerane, så kan dei sjølv velje kva dei ynskjer ut i frå eige situasjon. Er det noko av alternative som ikkje ynskjes lagt frem kan dette tas i vedtaket.

Omfang av treningskort – haust og vinter

Grunna såpass låge takseringstall, bør ein ikkje opne fritt for treningskort slik det tidlegare er gjort. Det finst ikkje forsking som påviser ein samanheng mellom trening med fuglehund og redusert rypebestand. Imidlertid bør ein vere føre var, særskilt med tanke på det omfang av treningskort som vert seld i Vestre Slidre.

For sist vinter vart det seld følgjande:

Sesongkort:	38 stk
Sesongkort m/ektefelle:	16 stk
Dagskort/ukseskort	170 stk

I tillegg kjem treningskort for jaktpørvar, og den moglegheit dei som har innanbygds sesongkort har gjennom jaktkortet.

Det legges opp til fortsatt sal av jaktkort for innanbygds – det inneber i praksis jakt på hare/orrfugl osv, men ikkje rype. Dei som vel å fortsatt løyse innanbygds sesongkort med hund vil fortsatt få treningsmøgleheit med fuglehund ut sesongen.

Når det gjeld krav om 60/40 % fordeling, er dette godt ivaretake gjennom sal av orrfugl/harejakt. Det er ikkje krav om slik fordeling når det gjeld treningskort, men det er likevel lurt å tilpasse dette slik at ein opprettheld denne fordelinga når det gjeld treningskort.

Med å kunne tilby ca 20 sesongkort for trening til utanbygdsbuande, vil ein vere innafor denne fordelinga slik at dette ikkje vert eit argument mot lokal forvaltning. I tillegg til dette kjem og mulegheita som finst med at nokon vil bytte inn tildelt jaktkort mot treningsmulegheiter i september på rype – dersom denne vert vedteke.

Det er eit sentralt spørsmål knytt til treningskort – og det er om ein ynskjer å tillate vinteretrening. Rypene er mest sårbar vinterstid, og med såpass låge produksjonstal bør ein og nyte føre var prinsippet her. Ein tilrår difor at treningskort berre er gyldige frem til og med 14. desember – dette gjeld då innan og utanbygdsbuande.

Det vil og innebere at administrasjonen tilrår at det ikkje vert opna for treningssamlings vinterstid.

Det vert sikkert ein heil del tvilstilfelle når folk er «ute og luftar hunden sin, men ikkje trenar». Dette må handterast på vanleg måte i forhold til oppsyn. Dersom det er påviseleg trening/slepp av hund som er utanfor nærkontroll, vil dette påtalast på vanleg måte.

Oppsummert om treningskort:

Innanbygdsbuande: inngår på vanleg måte i jaktkort med hund. Evt løysing av treningskort: dei må sjølv krevje refusjon i ettertid.

Utanbygdsbuande: Evt bytte jaktkort for rype med hund mot treningskort i september. I oktober selges det inntil 20 stk sesongkort, der sesongen går f.o.m 05.10 t.o.m. 14.12.

Priser for jakta:

Prisane for jakt er satt i sak 39/2021, og gjeld frem til 31.03.2026. For innanbygds er dette tilpassa det som ble vedteke i sak 6/2019, der ein halverer prisen for innanbygds slik at dei slepp å be om refusjon for å få tilbake penger i etterkant (med unnatak for treningskort – då dette inngår i jaktkort).

Naturmangfoldloven § 7:

Lov om forvaltning av naturens mangfold omhandlar i kapittel II alminnelege føresegn om bærekraftig bruk. I følge § 7 skal saka vurderast opp mot føresegn i §§ 8-12. Småviltbestanden har store naturlege svingningar. Vi vurderer forslag til fredning for årets jakt med bakgrunn i taksering av lirypebestanden. Kunnskapsgrunnlaget er så godt som det innan rimelege krav lar seg gjøre å framstaffe. Vi anser med fredning at saka er tilstrekkeleg vurdert i forhold til den kunnskap vi har tilgjengeleg (§8) og føre-var-prinsippet (§9) §§ 10-12 er også vurdert. Forslag til vedtak er ikke i konflikt med tidlegare nemnde forhold

Fjelloven § 23, siste ledd:

"Før fjellstyret gjer noko vedtak etter andre og tredje stykket, skal kommunen uttale seg. Er det usemje mellom fjellstyret og kommunen, må fjellstyreveidetaket leggjast fram for departementet som tek avgjerd i saka."

Saka med forslag til vedtak er oversendt Vestre Slidre kommune og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag til uttale.

Vestre Slidre kommune v/ Terje Karlsen:

Vestre Slidre kommune har ingen merknader, og støttar vurderingane som er gjort i saka.

Vestre Slidre jeger og fiskarlag:

Fjellstyret syner god og ansvarlig forvaltning ved å stenge for jakt på rype med så dårlig takseringsresultat.

Vi syns det er positivt at Fjellstyret vektlegg føre var prinsipp på treningskort. Fjellstyret i samarbeid med jeger og fiskarlaget bør være en pådriver for å få på plass mer forskning på dette området. Det er rett veg å gå med å begrense antall treningskort, samt avslutte den 14.12, og med det ikke ha treningssamlinger vinterstid. Det bør og være begrensninger på dag og vekekort. Fjellstyret bør og gjøre ei vurdering på om treningskort skal gjelde for heile statsallmenningen som i dag, eller om det bør være definerte felt.

Det bør ikke være fritt kortsalg på orrfugl for utenbygds eller for Innenbygds, i perioden 15.10-14.12 (Står 5.10-14.12 på inatur). Det bør vere begrensa antall kort. Vi kan risikere en del "feilskyting" av ryper ved å sleppe til for mange på orrfugljakt slik situasjonen er, dette fordrar godt med oppsyn. Vi syns det er uheldig å jakte så hardt på en orrfugl stamme og tenker den må følge samme begrensningene som rypejakta har.

Vi har ingenting å utsette på forslag til refusjon, anna enn at eventuelle overføringer til treningskort eller orrfuglkort bør trekkas fra totalramma for disse korta.

Forslag til vedtak:

Med hjemmel i fjelloven § 23 vedtar fjellstyret følgjande avgrensninger for småviltjakta 2023:

- Ingen jakt på rype hausten 2023 – dette grunna låg bestand samt låg kjklingproduksjon.
- Det er mulig å kjøpe inntil 20 stk treningskort for fuglehund for utanbygdsbuande. Dette gjeld sesongkort i perioden 05.10 – 14.12. Administrasjonen håndterer evt trekning/første mann til mølla prinsipp. Dette inneber ingen treningssamlinger vinterstid.
- Treningskort for innanbygdsbuande inngår som før i jaktkort – i perioden 15.09 – 24.09 samt 05.10 – 14.12.
- Jaktkort på orrfugl med kartmessig avgrensning og harejakt tillates som tidligere.
- Sesongkvote på 5 orrfugl per jeger i perioden 15.9 – 24.9 (2×5 dager).
- Fritt kortsalg på orrfugl i perioden 15.10 -14.12 med sesongkvote på 5 orrfugl per jeger.
- Ang refusjon av tidlegare løyste jaktkort – fremmes det forslag om følgjande alternativ:
 - Overføres til treningskort for rype for 5 dager
 - Overføring til orrfuglkort – 5 dager i tildelt periode (berre jakt i orrfuglområda)
 - Tildelt trekning overføres til neste år (evt refusjon neste år om fortsatt fredning)
 - Refusjon av 75% av innbetalt beløp.

Behandling: Fjellstyret kom fram til følgjande omforent nytt vedtak:

Vedtak:

Med hjemmel i fjelloven § 23 vedtar fjellstyret følgjande avgrensninger for småviltjakta 2023:

- Ingen jakt på rype hausten 2023 – dette grunna låg bestand samt låg kjkulingproduksjon.
- Det er mulig å kjøpe inntil 15 stk treningskort for fuglehund for utanbygdsbuande. Dette gjeld sesongkort i perioden 05.oktober – 14.desember 2023 samt 23.februar til og med 22 mars 2024. Det kan bare tildeles treningskort i en av periodene – per person. Administrasjonen håndterer trekning av treningskort. Dette inneber ingen treningssamlinger vinterstid.
- Treningskort for innanbygdsbuande inngår som før i jaktkort – i perioden 15.09 – 24.09, 05.10 – 14.12. samt 23.februar til og med 22 mars 2024
- Harejakt som før
- Sesongkvote på 5 orrfugl per jeger i perioden 15.9 – 24.9 (2×5 dager), samt sesongkvote på 5 orrfugl i perioden 05.10 – 14.12 .
- Orrfugljakt reduseres til følgjande (kartmessig avgrensning)
 - Sesongkort: Totalt 15 stk
 - Ukeskort: Totalt 15 stk
 - Dagskort: Totalt 10 stk (pr dag)
- Ang refusjon av tidlegare løyste jaktkort – fremmes det forslag om følgjande alternativ:
 - Overføres til treningskort for rype for 5 dagar
 - Refusjon av 75% av innbetalt beløp.

Vedtaket er samrøystes.

Etter forskrift til § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 1 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker fra mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 01.09.2023

Kenneth Monsen

sekretær

Utskrift:

Vestre Slidre kommune

Vestre Slidre jeger og fiskarlag